



## Notat

**Dato**  
LEIKANGER, 02.06.2016

**Frå:** NKA v/Lena M. Søderholm

**Til:** Hovudutval for opplæring

### **Orientering om forprosjekt som skal starte opp i regi av Opplæringsfartøy AS**

Hovudutval for næring og kultur vedtok på sitt møte 21.06.16 i sak 69/16 å gje kr. 200 000 i økonomisk støtte til forprosjekt for å prosjektere og lage eit kostnadsoverslag for nytt opplæringsfartøy.

Nærings- og kulturavdelinga ser informasjonen som kjem fram gjennom dette forprosjektet som eit viktig bidrag i ei framtidig sak om praksis på båt for skuleelvar.

Hovudutval for opplæring må på eit seinare tidspunkt, m.a. på grunnlag av kostnadsoverslaget som kjem fram i dette forprosjektet, drøfte alternativ og ta stilling til kva tilbod ein ynskjer å gje elevane ved Måløy vidaregåande skule innan marin opplæring. Vi ber om at det også blir drøfta eit alternativ som inneber andre løysingar enn opplæringsfartøy.

Under er det kopi av saksframstillinga.

#### **1. Bakgrunn for saka**

##### **Grunnen for at saka er fremja**

*Vi har fått søknad frå Opplæringsfartøy AS om tilskot til å utarbeide anbodsgrunnlag og innhente pristilbod for nytt opplæringsfartøy til erstatning for Skulebas AS.*

##### **Historikk - tidlegare vedtak**

*Vedtak frå tilleggsframlegg i protokoll frå finansutvalet sitt møte 02.03.16 der ein vil nytte kr. 200 000 til å prosjektera og kostnadsbereksna eit nytt opplæringsfartøy.*

*Verdiskapingsplanen har under «Sjømatnæringane» har peika på at nytt opplæringsfartøy vil vere eit viktig element for å auke rekrutteringa til dei marine utdanningane ved Måløy vidaregåande skule.*

*Det har vore gjennomført i 2015 eit forprosjekt finansiert av Opplæringsfartøy AS og Nordfjord Vekst der ein konkluderte med at om ein skulle bygge eit nytt opplæringsfartøy så vil eit kombinert fiske-, oppdretts- og servicefartøy vere mest hensiktsmessig.*

## **2. Vurderingar og konsekvensar**

*Opplæringsfartøyet Skulebas AS er no over 40 år gamalt og ved ny klassifisering i 2019 må det pårekna tunge økonomiske investeringar for godkjenning. Likevel vil vi sitte med eit gammalt skip som ikkje tilstrekkeleg speglar notidas krav og moglegheiter. Det er heller ikkje eigna til bruk for oppdrettsnæringa. Det er difor svært interessant å sjå på kva kostnadane ein må pårekne ved å bygge eit heilt nytt opplæringsfartøy. Eit nytt opplæringsfartøy bør vere utrusta slik at båten kan nyttast til føremål i akvakulturnæringa, i kokk- og restaurantfaga, i forskings- og utviklingsaktivitetar (FoU) og t.d. til maritime serviceoppdrag.*

*I søknaden ber søker om kr. 200 000 i midlar til å få ein kvalitetssikra pris frå verft på eit nytt opplæringsfartøy. Dette prosjektet vil vere ein svært viktig basis for seinare vurderingar som fylkeskommunen må gjere i om det vil vere økonomisk forsvarleg å bygge eit nytt opplæringsfartøy.*

*I handlingsplanen for 2015 under «Sjømatnæringane» i verdiskapingsplanen er det sett av inntil kr. 200 000 for prosjektering av nytt opplæringsfartøy. Det er sett som ein føresetnad at det prosjekteerde skipet også må vere tenleg for oppdrettsnæringa og kunne nyttast til enklare FoU-verksemd. Det kan også vere interessant å sjå på om ein kan utruste skipet til også leigast ut til å ta ulike maritime oppdrag i periodar skulen sjølvé ikkje nyttar skipet.*

*For å sikre den rette infrastrukturen og dei fysiske fasilitetane om bord, må forprosjektet organiserast slik at ein trekker med ressurspersonar frå oppdrett- og fiskerinæringa, frå kokkelinja og andre aktuelle bransjar for å legge premissar for arbeidet.*

*Prosjektet skal gjennomførast i løpet av 2016.*

## **3. Konklusjon**

*Sogn og Fjordane fylkeskommune ser det som viktig at det snarleg vert utarbeida eit økonomisk grunnlag som syner kostnadane med å bygge eit nytt opplæringsfartøy.*

*Fylkeskommunen gjev eit tilskot på kr. 200 000 for å gjennomføre arbeidet med å projektera eit nytt opplæringsfartøy og få ein kvalitetssikra pris frå verft på kostnadane.*

*I prosessen skal også representantar frå oppdretts- og fiskerinæringa, personell frå kokkelinja ved Måløy vidaregåande skule og andre aktuelle bransjar delta for å sikre gode nok fasilitetar til skipet sine planlagde føremål.*

*Midlane vert henta frå disponibele restmidlar frå tidlegare år.*